

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 14.11.2019

SAKSHANDSAMAR: Anne Kristin Kleiven/ Lars Erik Solend / Tone Undertun

SAKA GJELD: **Rapportering om program og prosjekt i Helse Førde**

ARKIVSAK: 2013/3778

STYRESAK: **091/2019**

STYREMØTE: **22.11.2019**

Tidlegare handsaming i styret: 036/2014 O, 061/2014 O, 045/2015 O, 070/2015, 039/2016, 067/2016, 059/2017, 088/2017, 056/2018, 094/2018, 060/2019

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek halvårsrapport om prosjekt og program i Helse Førde til vitende.

Oppsummering

Administrerende direktør legg med dette fram porteføljerapport for arbeidet med program og prosjekt Helse Førde siste halvår. Vi viser til vedlagde rapport som gir eit meir utfyllande bilete enn styresaka.

Helse Førde følgjer opp prosjekt gjennom porteføljestyling for å sikre samsvar mellom strategiske mål, gjennomføring av tiltak og rett prioritering. Det blir arbeidd med å utvikle porteføljestylinga og å heve kvaliteten i prosjekta gjennom å nytte felles regional metodikk. Denne må tilpassast lokale forhold og ressursar.

Generelt er det høg aktivitet innanfor prosjektarbeid lokalt i Helse Førde, men og regionalt i Helse Vest. Fleire prosjekt arbeider med å utvikle og innføre felles regionale arbeidsprosessar med tilhøyrande systemstøtte, noko som krev mykje ressursar.

Helse Førde arbeider med å innføre større regionale IKT-løysingar, utvikle tenester og organisasjon og med å kvalitetssikre planane til Nye Førde sjukehus. Samla krev dette mykje av organisasjonen. Bygging av Nye Førde sjukehus er eit omfattande prosjekt. Første byggesteg, nybygg psykisk helsevern (Dagabygget), er starta. Hovudfokus er å kvalitetssikre planane og organisasjonsutvikling for neste byggesteg, som er nybygg somatikk (Livabygget).

Fakta


Ein viktig premis for gjennomføringa av strategien til Helse Vest er porteføljestyling, og i strategidokumentet Helse2035 heiter det:

Tiltaka i strategien kan gjennomførast som rein linjeaktivitet eller som eigne utviklings- og endringsprosjekt. Prosjekta skal følgjast opp gjennom heilskapleg porteføljestyling, der samsvar mellom dei strategiske måla og gjennomføring av tiltaka skal sikrast. Ressursstyring og rett prioritering er ein sentral del av porteføljestylinga. Gjennomgang og revidering av dei regionale fag- og funksjonsplanane skal sørge for at dei er i tråd med Helse2035.

Porteføljestyling handlar om ei overordna vurdering, som å velje dei rette prosjekta og programma. Prosjekt- og programstyring handlar om å syte for rett og god gjennomføring av prosjekt og program som er prioriterte ved å sikre at arbeidet skjer innanfor avtalt tid, kostnad, kvalitet og nytte. Vedlagde rapport gir oversyn over organisering av porteføljestylinga i Helse Førde.

I porteføljen til Helse Førde er hovudsakleg program og prosjekt som oppfyller eit eller fleire av følgjande kriterium:

- Ha stor strategisk betydning eller ivareta sentrale krav frå styremaktene
- Ha vesentlege investerings- og driftskostnader og/eller gje langvarige forpliktingar
- Krevje deltaking frå nøkkelpersonell i fleire klinikkar



Dei største programma og prosjekta i porteføljen er:

- Alle møter (regionalt program) skal utvikle og innføre betre kommunikasjonsløysingar, digitalisere tenester og understøtte god organisering slik at pasientane møter ei einskapleg og føreseieleg helseteneste.
- HELIKS (regionalt program) skal utvikle og innføre nye løysingar for pasientjournalen, kurvedelen og det digitale mediearkivet.
- LIBRA (regionalt program) skal optimalisere støttetjenester innan økonomi, innkjøp og logistikk gjennom felles regionale arbeidsprosessar og systemstøtte.
- Nye Førde sjukehus (lokalt byggprosjekt) skal bidra til å utvikle sjukehusarealet slik at dette er tilpassa framtidens spesialisthelsetenester.
- Pasientens helseteneste (lokalt program) skal bidra til betre spesialisthelsetenester ved å realisere overordna føringar; Nasjonal helse og sjukehusplan, Helse Vest 2035 og utviklingsplanen til Helse Førde. Hovudmålet til programmet er å utvikle tenestene slik at dei er samordna, tilpassa behovet og gjev pasienten så stor medverknad som råd.

Tabellen nedanfor syner status for delprosjekta innanfor dei ulike programma, samt prosjekt utanfor program:

Prosjekt/program	Tid	Kost	Kvalitet	Risiko	Personell	Nytte
Alle møter						
Digitale skjema og brev	Green	Green	Green	Green	Green	Green
Finne fram	Green	Green	Green	Green	Green	Green
Innsjekk og betaling	Yellow	Green	Red	Green	Red	Green
Mitt timeval	Green	Green	Green	Green	Green	Green
Open linje	Green	Green	Yellow	Green	Red	Green
Pasientflyt og ressursar	Green	Green	Green	Green	Green	Green
Vel planlagt	Green	Green	Green	Green	Green	Green
Vestlandspasienten	Green	Green	Green	Green	Green	Green
HELIKS						
Kurve og legemiddelhandtering	Yellow	Green	Yellow	Yellow	Green	Green
Overgang til DIPS Arena	Yellow	Green	Yellow	Yellow	Green	Yellow
LIBRA						
LIBRA Helse Førde	Green	Yellow	Green	Yellow	Yellow	Green

Nye Førde sjukehus						
Nybygg psykisk helsevern						
Nybygg somatikk (Livabygget)						
Pasientens helseteneste						
Framtidig akuttmottak						
Framtidig drift i Livabygget						
Fys. med., rehab. og hab.						
Medisinsk avstandsoppfølging						
Prehospitala tenester						
Psyk. hels. for barn og unge						
Psykisk helsevern for vaksne						
Rekrutteringsstrategi						
Utanfor program						
Transport i Helse Førde						

Generelt er det høg aktivitet, og fleire prosjekt rapporterer gult.

Alle møter: Programmet skal bidra til betre tilbud til pasientane gjennom betre kommunikasjonsløysingar, digitale tenester og støtte til god organisering. Pasientane skal møte ei einenskapleg og føreseieleg helseteneste i heile Helse Vest. Programmet er i dag organisert med ei rekke delprosjekt, med overlappende oppgåver. Organisering av programmet er planlagt forenkla ved samanslåing av delprosjekt. Delprosjekta [Innsjekk og betaling](#) og [Digitale skjema og brev](#) har hatt særskilt mykje aktivitet. Desse prosjekta innfører hausten 2019 sjølvbetente løysingar for pasientane og automatiserer fleire prosessar. Pilotavdelingane til prosjektet [Vel planlagt](#) (direkte time til alle pasientar) har god framdrift og sær gode resultat for pilotavdelingane. Prosjektet [Pasientflyt og ressursar](#) er starta kartlegging før innføring av digitale logistikkskjermar (Imatis-samhandlingstavler) i 2020. Dette prosjektet innfører digital logistikk-samhandling, og vil treffe alle sengepostane i somatikken og støttetjenester som portør, reinhald og matforsyning. Open linje rapporterer raudt på kvalitet og både Innsjekk og betaling rapporterer på raudt på personell. Det vert arbeidd med å rette situasjonen, som også går ut over kvaliteten dersom ein ikkje får på plass nok ressursar.

HELIKS-programmet: KULE (digital kurve og legemiddelløysing) har hatt mykje arbeid med testing av funksjonar og kurveløysingar i ny versjon av Meona som er sett i produksjon 30. oktober. Vidare har KULE arbeidd med innføring av funksjonar for legemiddellogistikk, ernæring og antibiotika. I 2020 er det planlagt pilotering av bruken av medisintraller for å hente ut ytterlegare vinstar frå KULE. Rapportering på gult skuldast i hovudsak forseinkingar i løysinga og er ikkje noko ein kan gjere så mykje med lokalt i Helse Førde, anna enn å bidra i utviklingsarbeidet.

LIBRA er midt i innføringa av nytt systemet (SAP) og felles regionale arbeidsprosessar innanfor *logistikk, innkjøp, bestilling, rekneskap og anskaffing*. Bruken av SAP vil endre arbeidsoppgåvene for mange, spesielt i høve bestilling og mottak av varer og tenester. Det er utfordringar knytt til personell, utvikling av løysinga og framdrift.

Nye Førde sjukehus: Den siste perioden har store delar av organisasjonen vore involvert i å utvikle planane til dette omfattande byggeprosjektet. Første byggesteg, nybygg psykisk helsevern (Dagabygget), er starta, og bygget er no i ferd med å reise seg. Hovudfokus framover er å kvalitetssikre planane for neste byggesteg, som er nybygg somatikk (Livabygget) og vidare løysingane som blir valde for poliklinikk, sengepostar, kontorareal og forsyning/drift. Nybygg somatikk er noko forseinka i forhold til plan.

Pasientens helseteneste: Fleire av prosjekta arbeider med den framtidige drifta i Nye Førde sjukehus. Det er no i gang arbeid med å peike ut vegen vidare for fysikalsk medisin, rehabilitering og habilitering og framtidig akuttmottak. Det har vore sett ned eigne arbeidsgrupper for framtidig aktivitet i Livabygget, som i første fase har kvalitetssikra teikningane i forprosjektet opp mot tankar om framtidig drift. Prosjektet Prehospitale tenester har levert utkast til plan for bil- og båtambulansse, AMK-sentral, legevakt og luftambulansse/redningshelikopter. Planen er på høyring og skal handsamast av styret i desember 2019.

Kommentarar

Det er svært høg aktivitet og mange prosjekt i gang samstundes i Helse Førde. Dette skuldast mellom anna dei store regionale IKT-innføringsløpa, planlegging og bygging av Nye Førde sjukehus og behovet for endring av tenester og organisasjon som følgje av nye føringar. Arbeidet med pasientens helseteneste inneber å ta opp i seg nye føringar og omsetje desse til korleis tenester og organisering skal sjå ut i framtida. Endring av tenester og organisasjon inneber krevjande omstillingsprosessar for tilsette og leiarar på alle nivå.

Innføring av nye IKT-verktøy må førebuast, testast og utviklast i fellesskap i Helse Vest og ofte parallelt med pilotering og innføring. Dei mange endringsløpa krev mykje av organisasjonen. Det må planleggast for opplæring og avlæring, tilstrekkeleg med prosjekt og støtteressursar, og at personell i linja må få frigjort tid til omstilling. Å følgje opp at faktisk endring kjem på plass, er ei stadig aukande oppgåve for leiarar.

Planlegging av Nye Førde sjukehus er eit omfattande prosjekt, som er spennande, skapar store forventningar og utfordrar organisasjonen.

Pasientens helseteneste må innrette seg utifrå eit presserande behov for rask framdrift for å sikre gode nok styringssignal frå organisasjonen inn mot byggeprosjektet. Føringar om utvikling av framtidens spesialisthelsetenester vil alltid vere i endring, og programmet må også vere fleksibelt nok til å ta opp i seg nye føringar.

Konklusjon

Administrerande direktørs orientering om portefølje for program og prosjekt i Helse Førde syner at det er høg aktivitet i arbeid med ulike prosjekt og prosessar. Samla vert det arbeidd

med å sikre at Helse Førde har framtidsretta spesialisthelsetenester og ein berekraftig organisasjon i alle ledd. Helse Førde skal nytte porteføljen til å styrke kvalitet, pasientoppleving, pasienttryggleik og samhandling. Verktøy og system som er etablerte for å overvake og halde kontroll over aktivitet, ressursbruk og prioritering, er ein del av dette.

Vedlegg:

1. Prosjektrapportering